

Saksbehandlar: Roald Breistein  
Sak nr.: 16/8907-13

## Oppfølging - Forvaltningsrevisjon arkiv og offentlegheit

### Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit og seier seg ferdig med saka.

### Vedlegg:

Notat frå fylkesrådmannen Forvaltningsrevisjon – Arkiv og offentlegheit – Rutinar for lukking av møte **Feil! Fant ikke referanseilden.**

## SAKSFRAMSTILLING

### Bakgrunn for saka

**Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak FT 15/2017 i møte 13.06.2017:**

1. Fylkestinget tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp rapporten slik:
  - a. Ferdigstille arkivplan innan 31. desember 2017
    - Dette omfattar tilrådingane 2 – 8 i rapporten
      - ii. Oppdatere og samle rutinane og retningslinene for journalføring og arkivering av ulike typar inn - og utgåande dokument.
      - iii. Utarbeide utfyllande rutinar for registrering av organinterne dokument.
      - iv. Utarbeidde rutinar som sikrar at journalpostar ikkje vert liggjande opne uto ver det som er naudsynt for sakshandsaminga.
      - v. Syte for at alle journaleiningane i fylkeskommunen vert inkludert i postlista.
      - vi. Gjennomgå rutinane for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med krava i regelverket.
      - vii. Vurdere tiltak for å sikre at dokument som vert unntatt offentlegheit vert påført fullstendig lovbestemt teiepliktsheimel, slik at det er klart kva som er den faktiske årsaka til at dei er unntatt offentlegheit.
      - viii. Utarbeide rutinar for handsaming av innsynskrav i saksdokument. Rutinane bør omfatte prinsippa om meirinnsyn, og dei bør gjerast kjende blant dei tilsette.
  - b. Ferdigstille rutinar og retningsliner for skjerming, innsyn og lukking av politiske møte innan 31. desember 2017
    - Dette omfattar tilrådingane 6 – 9 i rapporten
      - vi. Gjennomgå rutinane for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med krava i regelverket.
      - vii. Vurdere tiltak for å sikre at dokument som vert unntatt offentlegheit vert påført fullstendig lovbestemt teiepliktsheimel,

- slik at det er klårt kva som er den faktiske årsaka til at dei er unntatt offentlegheit.*
- viii. *Utarbeide rutinar for handsaming av innsynskrav i saksdokument. Rutinane bør omfatte prinsippa om meirinnsyn, og dei bør gjerast kjende blant dei tilsette.*
  - ix. *Vurdere tiltak for å sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring.*
- c. *Få på plass rutinar for opplæring av tilsette og politikarar innan 31. desember 2017. Gjennomføring av opplæring vert ein kontinuerleg prosess.*
- *Dette omfattar tilrådingane 1, 9 og 10*
    - i. *Sikre at oppdatering og ajourføring av arkivplanen vert gjennomført, og at denne vert utforma i samsvar krava etter arkivforskrifta.*
    - ii. *Vurdere tiltak for å sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring.*
    - iii. *Sikre at dei tilsette mottar tilstrekkeleg opplæring i tema knytt til journalføring, arkivering og offentlegheit, og informere om kvar ein kan finne gjeldande rutinar og retningsliner 3.*
3. *Fylkesrådmannen rapporterer til kontrollutvalet gjennomføringa av dei tre hovudpunkta i etterkant av datoane for ferdigstilling av det enkelte hovudpunkt.*

**I møte i kontrollutvalet 28.02.2018 vart tilbakemelding på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen handsama i sak 1/18 der det vart gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit for det meste er ferdig, men at det framleis står att litt arbeid før alt er på plass.*
2. *Utvalet ber om at prosedyre for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege i tråd med vedtak punkt 2b, ix i form av skriftleg tilbakemelding innan 13.05.2018.*

**Vurderingar og konsekvensar**

Sekretariatet har motteke vedlagte notat frå fylkesrådmannen dagsett 01.05.2018 med svar i høve punkt 2 over. På bakgrunn av den mottekne tilbakemeldinga registrerer sekretariatet at forbetningsarbeidet no er ferdig utført.

**Konklusjon**

På bakgrunn av at det som går fram av svaret frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med svaret og seier seg ferdig med saka.